



Statsforvaltaren i Vestland

Vår dato:

21.08.2023

Vår ref:

2023/8893

Dykkar dato:

Dykkar ref:

202308566

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til melding om fråføring nedbørfelt frå Grytaelva i Sunnfjord kommune

Statsforvaltaren legg til grunn at lågvassføringa i Grytaelva skal oppretthaldast i eit eventuelt konsesjonsfritak, slik det òg går fram av meldinga om fråføring av vatn frå gråbergdeponiet.

Vi viser til oversendinga 5. juni i år om høyring av melding om overføring av nedbørfelt frå Grytaelva.

Bakgrunn

Nordic Rutile AS har fått krav frå Miljødirektoratet om at vatn som renn gjennom gråbergdeponiet skal leiast vekk frå Grytaelva, gjennom eit sedimentasjonsbasseng, og vidare til fjorden. I første utbyggingsfase vil ti prosent av vassføringa i Grytaelva bli fråført, og i ein eventuell andre fase av utbygginga vil det gjelde 18 prosent av vassføringa. I tørre periodar vurderer Nordic Rutile AS at kvaliteten på vatnet i sedimentasjonsbassenget er så god, at vatn kan førast attende til Grytaelva, for å hindre at elva går tørr. Ved å nytte noko av vatnet som er magasinert i bassenget, skal lågvassføringa bli oppretthalde, sjølv om vatn blir leia inn i bassenget.

Det er omtalt i meldinga at Grytaelva har godt økologisk status. Ei 300 meter lang strekning frå sjøen har førekomst av sjøaure, og det er ål i elva som truleg kan passere vandringshinderet for sjøaure. Elva har plastra elvekantar og tersklar opp til eit fossefall 185 meter frå sjøen. Det er påvist naud fisk i tørre periodar. Data frå kvalitativt og kvantitativt el-fiske utført av Asplan Viak i 2022, tilseier at fisketettleiken er «moderat». Resultata er noko usikre, då dei er baserte på ei undersøking med kvalitativt overfiske, og ei seinare undersøking i slutten av november ved låg vassstemperatur (som gjev årsyngelen mindre fangbar).

Det er vurdert at 24 prosent fråføring av nedbørfelt vil gje konsekvensgrad «monaleg miljøskade», basert på «stor verdi» for fisk, og ein «forringet» påverknad. Dette fordi det allereie er låg vassføring i Grytaelva, og ytterlegare reduksjon vil auke belastinga. Dersom vatn blir ført tilbake til Grytaelva i tørre periodar, slik det er planlagt, er konsekvensen for livet i elva venta å bli minimal, ved å oppretthalde god vasskvalitet. Dersom lågvassføringa kan aukast, kan tiltaket få positiv effekt.

Ei konsesjonspliktvrdering gjeld effektar av vassdragstiltaket; altså vassuttaket og konstruksjonar i vassdraget. Ved eit eventuelt konsesjonsfritak skal kommunen vurdere arealinngrep utanfor vassdraget, i deira handsaming etter plan- og bygningslova.

E-postadresse:
sfvlpost@statsforvalteren.no
Sikker melding:
www.statsforvalteren.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.statsforvalteren.no/vl
Org.nr. 974 760 665



Vår vurdering

Generelt vil fråføring av nedbørfelt og dermed redusert vassføring, redusere fiskeproduksjonen. I Grytaelva ser det ut til at det er lågvassføringa som er flaskehalsen i produksjonen. Dette er støtta av den fiskefaglege utgreiinga, og lokale observasjonar av død fisk i tørre periodar. Dersom lågvassføringa blir oppretthalde eller auka, vil fiskeproduksjonen truleg kunne oppretthaldast, og eventuelt aukast.

Vi legg til grunn at lågvassføringa i Grytaelva skal oppretthaldast i eit eventuelt konsesjonsfritak, slik det òg går fram av meldinga om fråføring av vatn frå gråbergdeponiet.

Med helsing

Silje Elvatun Sikveland
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Sunnfjord kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 338
Postboks 7900

6802 FØRDE
5020 BERGEN